



Huset på Brekktoppen er kjøpt av Gundersen og partnaren Per Arild Sjøwall. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Ivar Gundersen, som i fjor kjøpte eit fem mål stort areal av Kjetil Dagestad rundt "Arnesenhuset" i Halsabrotet, satsar stadig meir på kjøp og leige i heimbygda. Han har no kjøpt eit hus og leigd eit anna. Begge ligg svært sentralt.

Actavia Invest (Ivar Gundersen og Per Arild Sjøwall) har kjøpt Brekktoppen-huset. Det inneheld kontor i første etasje og tre leilegheiter oppover i etasjene. Alt er utleigd og leilegheitsdelen er under renovering.

Vidare har Gundersen leigd det nyreiste huset mellom det tidlegare Samyrkelaget og elva av E&M Holding (Alf Eidsvik junior og Trond Myklebust) for vidare utleige.

Her er ein leilegheit utleigd medan huset ellers skal innehalda kontor. Gundersen skal sjølv ha kontor der og det skal også Frode Stensletten. Eit lite kontor er framleis ledig.

Når det gjeld tomteområdet i Halsabrotet skal Gundersen selja tomtene, men den private reguleringsplanen er enno ikkje klar.



Det nye huset ved elva er leigd av Ivar Gundersen (Foto: Ola Matti Mathisen)